

Saksbehandlar: Eva Solhaug Fosshagen, Samferdsleavdelinga
Sak nr.: 16/8002-4

Søknad om fornying av ruteløyve på Fjordekspresen

Fylkesdirektøren rår hovudutval for samferdsle til å gjere slikt vedtak:

Nettbuss AS får fornya ruteløyvet sitt på Fjordekspresen etter desse vilkåra:

- a) Løyvet gjeld i 10 år frå 01.01.2017 til 01.01.2027 med avgang frå Bergen kl. 08.00 til Ålesund og frå Ålesund kl. 11.10 til Bergen.
- b) Krav til god vandel, tilfredsstillande økonomisk evne og tilstrekkeleg fagleg kompetanse skal vere oppfylt i samsvar med til ei kvar tid gjeldande regelverk.
- c) Endringar i takstar og rutetilbod skal godkjennast av Sogn og Fjordane fylkeskommune.
- d) Materiellet på ruta skal tilpassast personar med nedsett funksjonsevne eller det skal gjevast eit serviceopplegg som tek omsyn til denne gruppa sine behov, jamfør rundskriv N-2/2006.
- e) Det er ikkje tillate å utføre lokaltransport på strekninga Bergen – Knarvik.
- f) Nykjøpt materiell som skal nyttast i ruta må oppfylle gjeldande EU-standard for luftutslepp.
- g) Turvognløyve i original og rettkjend kopi av ruteløyvet skal oppbevarast i bussen og visast fram ved ein eventuell kontroll.

Vedlegg: Søknad frå Nettbuss 03.10.16

Andre dokument som ikkje ligg ved:

SAKSFRAMSTILLING

1. Bakgrunn for saka

Nettbuss AS har i dag løyve på Fjordekspresen som går Bergen – Nordfjordeid – Ålesund. Ruteløyvet går ut 01.01.17.

Andre opplysningar

Nettbuss AS skal vidareføre dagens rutetider og taksttabell for Fjordekspresen.

2. Høyringar

Søknaden om fornying av ruteløyvet vart sendt på høyring 11.10.16 til Møre og Romsdal fylkeskommune og Hordaland fylkeskommune.

Møre og Romsdal

Møre og Romsdal fylkeskommune har ingen merknader til den aktuelle søknaden.

Hordaland

I Hordaland er det fylkesutvalet som har fullmakt når det gjeld høyringsuttale. Følgjande forslag frå administrasjonen til Utvalet for miljø- og samferdsel vart samrøystes vedteke:

1. *Hordaland fylkeskommunen rår til at søknad frå Nettbuss AS om fornying av ruteløyvet deira for strekninga Bergen – Indre Masfjorden – Ålesund vert imøtekomen.*
2. *Hordaland fylkeskommune ber om at det vert sett som vilkår at det ikkje vert utført lokaltransport på strekninga Bergen – Knarvik.*
3. *Hordaland fylkeskommune ber om at det vert sett som vilkår at nykjøpt materiell som skal nyttast i ruta må oppfylle gjeldande EU-standard for luftutslepp.*

Fylkesutvalet i Hordaland har møte 16.-17. november. Fylkesdirektøren reknar med at vedtaket frå Utvalet for miljø- og samferdsel også vert vedteke i fylkesutvalet. Dersom anna vedtak vert fatta, vil fylkesdirektøren legge dette fram for hovudutval for samferdsle i møtet.

3. Vurderingar og konsekvensar

Økonomi- og budsjettkonsekvensar

Det vil ikkje få økonomiske konsekvensar for fylkeskommunen om Nettbuss AS får fornye ruteløyvet på Fjordekspresen.

Dette er ei godt innarbeidd rute som har gått dagleg i mange år.

4. Vilkår

Utover dei generelle vilkåra om god vandel, tilfredsstillande økonomisk evne og tilstrekkeleg fagleg kompetanse fastsett i yrkestransportforskrifta § 4, kan løyvestyresmakta med heimel i § 5 setje nærare vilkår for løyvet.

Kravet i rundskriv N-2/2006 om tilgjenge på ekspressbussar i form av at materiell skal tilpassast personar med nedsett funksjonsevne, eller at det skal gjevast eit serviceopplegg som tek omsyn til denne gruppa sine behov bør uttrykkast som eit eige vilkår ved løyvetildelinga.

Det skal også vere eitt vilkår at turvognløyvet i original og rettkjend kopi av ruteløyvet skal oppbevarast i bussen og visast fram ved ein eventuell kontroll, jamfør føresegnene om kontrolldokument i yrkestransportforskrifta § 13.

Hordaland fylkeskommune skriv i pkt. 3 at dei ber om at det vert sett som vilkår at nykjøpt materiell som skal nyttast i ruta må oppfylle gjeldande EU-standard for luftutslepp. Fylkesdirektøren seier seg samd i at dette må inn som eit vilkår.

Dersom fylkeskommunen på eit seinare tidspunkt finn det naudsynt med fleire vilkår eller at det er trong for å endre nokon av vilkåra vedteke i denne saka, kan dette gjerast med heimel i yrkestransportforskrifta § 5.

5. Konklusjon

Fylkesdirektøren har ikkje merknader til at Nettbuss AS får fornya ruteløyvet på Fjordekspresen Bergen – Nordfjordeid – Ålesund.